

## **Følgerev – Reguleringsendring etter forenkla prosess for Detaljregulering for gnr. 163 bnr. 1, 4, 14 og 15 – Akvakultur Øyarhamn – Kvinnherad kommune**

Viser til rettleiingsmøte den 13.05.2024, i forbindelse med søknad om endring etter forenkla prosess for reguleringsplan *Akvakultur Øyarhamn, PlanID 20120010*. Kommunen sendte ut referat frå møtet, og under er punkta frå referatet gjennomgått og kommentert med korleis desse er følgt opp i justert planforslag.

- *Søknad må oppdaterast til krav jf. Startpakka 2.2 – Søknaden er supplert med dokumentasjon jf. 2.2.*
- *Tilkomstveg*  
*Søknad må innehalde vurderingar om endringar det søkast om har innverknad på trafikkforhold langs tilkomstveg. Tilkomstveg utanfor planområde har dårleg vegstandard. Eit kritisk punkt er deriblant ved bru ved 163/6 og 163/1. Det kan vere aktuelt med rekkefølgekrav for eventuelle avbøtande tiltak langs tilkomstveg utanfor planområde, til dømes kritiske punkt. Det må også vurderast i forhold til anleggsfase. – Verknadar for samferdsle er skildra i punkt 6.3. Konklusjonen er at dei små endringane ein nå søker om ikkje medfører endra trafikktilhøve i forhold til utbygging etter gjeldande reguleringsplan.*
- *Interne vegar*  
*Det er i gjeldande reguleringsplan lagt opp til flytting av kommunal veg gjennom planområde. Kommunen er positiv til dette. Ved oppdatering av plankart er det naudsynt at vegen vert oppdatert i henhold til gjeldande vegnorm for Kvinnherad kommune. - Regulert veg er oppdatert i høve kommunal vegnorm.*

*Det er naudsynt å regulere inn anna veggrunn på begge sider av vegen for naudsynte grøfter, og det må utarbeidast lengde- og tverrprofil for vegen. - Det er regulert anna veggrunn (1 m bredde) mot næringsområdet. Lengde- og tverrprofil ligg vedlagt.*

*Det er naudsynt at veg godkjennast av kommunen før kommunal overtaking og at det vert gjennomført oppmåling av kommunal veg, og at det sikrast gjennom føresegn. Tiltakshavar må pårekne kostnader ved oppmåling av veg. Innanfor planområde er det aktuelt å regulere kommunal veg som skal flyttast regulerast som felles for eigedommane som nyttar vegen til tilkomstveg, slik at ein legg inn moglegheit for at vegen i framtida kan privatiserast. – I gjeldande reguleringsplan er det lagt opp til at den regulerte vegen skal vere privat/felles. Dette er ikkje endra og punktet er difor ikkje aktuelt.*

*Det er generelt manglande føresegn for gjennomføring i gjeldande reguleringsplanen,*

*og det må i større grad ivareta. Viser også her til anleggsfase, til dømes anleggsplan. – Det er knytt rekkefølgekrav til opparbeiding av veg i gjeldende plan, føresegna er justert i planforslaget. Sjå punkt 8.1. i føresegnene, og kap. 5.2 i planomtalen.*

- *Ferdsl i sjø*  
*Det må føreliggje vurderingar om det er naudsynt å utvide areal for ferdsel i sjø i forhold til fartøy som skal nyttast i samband med utvidning av kai og småbåtanlegg. Det må vurderast om det er trong for å utvide plangrense for å sikre tilstrekkeleg areal for ferdsel i sjø. Det må vurderast opp mot andre intesser i sjø. – Sjå punkt 6.2 i planskildringa.*
- *Fylling i sjø*  
*Det må vurderast om det er tilstrekkeleg areal innanfor planområde for fylling i sjø. Fylling i sjø bør sikrast innanfor planområde. – Sjå punkt 5.1*
- *Kunnskapsgrunnlag*  
*Generelt må ROS-analyse oppdaterast med ny kjend kunnskap. – Sjå punkt 6.4*
- *Grunnundersøking*  
*Planområdet ligg under marin grense, og det må difor vurderast etter NVE sin veileder nr.1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred. Geoteknisk notat jf. NVE sin veileder vedleggjast søknad om endring etter forenkla prosess, og følgjast opp i ROS-analyse og eventuelle andre plandokument. Innanfor planområde vert det opplyst at det er gjennomført slik vurdering, og at planområde består av fjell som er dokumenterbart. Det er naudsynt at eventuelle justeringar av plangrense vert inkludert i vurderingane. Det gjeld også sjøareal. – Sjå punkt 6.4*